

**PROTOKOLL  
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>5/2014</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 12. september kl. 12:00 - 15:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Kari Aakre, Nils Marton Aadland, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal (ikkje 43/14, 45-46/14), Kristin Handeland, Per Lerøy (ikkje sak 38-42/14),
<b>Rådmenn:</b>	Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen, Reidun Halland (ikkje 43/14, 45-46/14), Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Jarle Landås
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss (sak 41/14), Kari Evensen Natland (sak 42/14) og Anne Hildegunn Færøy (sak 43/14)
<b>Andre:</b>	Ole Warberg (sak 42/14), Rolf Tande, Anne Jorun Lunde og Jens Reigstad (sak 43/14)
<b>Forfall:</b>	Jon Askeland, Knut Moe, Jan Olav Osen

<b>Sak 38/14</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar. I Jon Askeland sitt fråvær, leia nestleiar i Regionrådet Kari Foseid Aakre møtet.
<b>Sak 39/14</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll møte 4/2014</b> Møteprotokollen frå møte 4/2014 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 40/14</b>	<b>Status aksjonsliste</b> Kort gjennomgang av status.
<b>Sak 41/14</b>	<b>Selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus – revidert avtale</b> Rune Heradstveit orienterte fyrst om status for arbeidet med Region Nordhordland Helsehus. Herunder samtalar med vegvesenet om pris m.v. Det er inngått ein muntleg intensjonsavtale med Statens vegvesen om kjøp av tomt. Anbud for prosjektleiing er lagt ut på Doffin i dag, fredag 12. september. Frist for anbud er 24. oktober og det vil då bli gjennomført evaluering m.v. etter anbudsreglane. Oppstart prosjektarbeid er planlagt til 1. desember d.å.  Det er laga ei tentativ ramme for vidare framdrift og møteplan for prosjektet med utlysing av arkitekt og rådgjevande ingeniørar, rammesøknad, prosjektering, utsending av anbud på bygget, evaluering og kontrahering av totalentreprise, oppstart byggestart (mai 2016) og ferdig bygg like over nyttår 2018. NUI vil no få på plass styringsgruppe og ulike arbeidsgrupper / brukargrupper som skal jobba med innhald m.v. i bygget.  <b>Saksframlegg og selskapsavtale</b> Rune Heradstveit viste så til utsendt forslag til felles saksframlegg og selskapsavtale for etablering av Region Nordhordland Helsehus IKS. Både saksframlegget og selskapsavtalen er redigert i forhold til det som vart sendt ut før sommarferien, dette etter tilbakemeldingar frå kommunane. Selskapsavtalen og spesielt § 11 har vore førelagt advokat og skal no vera formulert slik den bør vera etter IKS-lova m.v.

	<p>Saksframlegget og selskapsavtalen vart førelagt Rådmannsutvalet fredag 26. september og utvalet slutta seg til både saksframlegget og selskapsavtalen.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Regionrådet sluttar seg til revidert versjon av <i>Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS</i>, med endringar som er gjort etter innspel frå partane.</li> <li>2. Regionrådet ber NUI legge fram selskapsavtalen for handsaming i eigarkommunane.</li> <li>3. Regionrådet ber valnemnda starta arbeidet med å finna representantar til styret for det nye selskapet.</li> <li>4. Regionrådet ber om at NUI førebur og gjennomfører stiftingsmøte for det nye selskapet når selskapsavtalen er godkjent i kommunane.</li> <li>5. Regionrådet ber vidare om at NUI fortsett å jobbe med prosjektet inntil nytt selskap er etablert.</li> </ol>
<p><b>Sak 42/14</b></p>	<p><b>Organisering av reiselivet i Region Bergen. Et forslag om å skape ein ny felles region frå Sunnhordland til Nordhordland.</b></p> <p>Reiselivsdirektør Ole Warberg i Bergen reiselivslag orienterte om forslag til framtidig organisering av reiselivet i «Region Bergen» - jfr. vedlagte presentasjon. Han la ikkje skjul på at dette handla om vilje til bidra med kroner og ører og leggja til rette for gode rammevilkår.</p> <p>Målet med auka samarbeid er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Å auka verdiskaping og produktivitet</li> <li>▪ Fleire heilårs arbeidsplassar og meir solide verksemder, særleg i distrikta</li> <li>▪ Fleire gode opplevingar som trekk til seg gjester med høg vilje til betaling</li> </ul> <p>Målgruppene er ferie- og fritidsreisande, konferansar og opplevingar og yrkesreisande. Marknad skal vera både nasjonalt og internasjonalt, og det er eit mål om å få 500 000 fleire tilreisande innan 2015. Dette krev meir produktutvikling innanfor opplevingar, styrka kompetanse og auka ressursar på marknadsføring.</p> <p>Warberg orienterte vidare om <b>marknad og suksessfaktorar</b> som må til for å lukkast.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Felles hovudprodukt innanfor det regionale området</li> <li>2. Felles begrepsbruk, samling om ei felles organisering</li> <li>3. Felles marknader og målgrupper</li> <li>4. Felles erkjenning av trongen for større tyngde, meir heilskapleg og slagkraftig marknadsføring</li> <li>5. Oppslutning frå det politiske miljø</li> <li>6. Oppslutning frå næringsaktørane</li> <li>7. Inkluderande prosess i forhold til utarbeiding av regionen der næringsaktørane er dei viktigaste berarane av valt strategi</li> <li>8. Kompetanse og slagkraft i fellesapparata på marknadssida og på næringspolitiske område</li> </ol> <p><b>Målet med ein større region – Region Bergen er;</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Å gjera oss alle modne for vekst. Både nasjonalt, regionalt og internasjonalt</li> <li>2. Oppnå ein sterkare posisjon i forhold til alle regioner</li> <li>3. Oppnå synergjar mellom våre 4 regionar</li> <li>4. Styrka lønnsomheita, auka antall arbeidsplassar og bidra til større volum av tilreisande i kjøpsterke segment</li> </ol> <p><b>Viktigaste tiltak vil vera:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Betre infrastrukturen – tilgjengelegheit betyr alt</li> </ol>

	<ol style="list-style-type: none"> <li>2. Forsterka innsats mot møte- og arrangementsmarknaden</li> <li>3. Utvida marknadane</li> <li>4. Styrka den regionale organiseringa</li> <li>5. Styrka vertskapsoppgåva</li> <li>6. Styrke effekten av virkemiddelapparatets og offentlige myndigheters</li> </ol> <p>Det avgjerande er om Nordhordland vert med på denne satsinga? Warberg peika på at dersom kommunane stiller opp, så vil også næringslivet fylgja på, men det er viktig med ein katalysator og eit kasseapparat eit sted. I dag skjer det mykje godt arbeid, men det er til dels ustrukturert.</p> <p>Det vart så spørsmål og debatt. Fleire takka Warberg for eit fint innlegg og spennande og viktige tankar. Det er viktig å få til gode partnerskap mellom kommunane og næringa, og at ein treng ein del forpliktingar innanfor t.d. produktutvikling og vertskapsfunksjonen. Det må vera evne og vilje får næringsliv og næringsaktørar.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Regionrådet var enige om at dette må ein gå vidare med. Dei ber om at næringa / reiselivsaktørane kjem tilbake til Regionrådet med ein forretningsplan med mål, aktiviteter, analyser, økonomi m.v. og ein oversikt over om lag kor stor medlemsmassen frå Nordhordland vil vera. Det vil så vera eit grunnlag for kommunale vedtak om vegen vidare.</p>
<p><b>Sak 43/14</b></p>	<p><b>Folkehelseprosjekt for born og unge - utprøving av eit nytt tilbod</b></p> <p>Rolf Tande (Masfjorden kommune), Anne Jorunn Lunde (Austrheim kommune) og Jens Reigstad (Innomed) orienterte om spennande tankar om eit folkehelseilbod for born og unge. Tande understreka at er det foreløpig kun eit skjelett med tankar. Ein jobbar med folkehelse for barn og ungdom i Nordhordlandskommunane no også, men ein opplever at arbeidet er for fragmentert og ikkje sett i eit godt nok system. Dette var understreka av Lunde som fortalte litt om status og korleis ting kan bli betre. Reigstad viste til ulike program og støtteordningar for dette både innan Innomed, Forskingsrådet og Innovasjon Norge. Men det er viktig at kommunane vurderer kva som er viktig for dei.</p> <p>Det er no stor vilje i Helse Bergen HF og i andre fagetatar til å arbeida vidare med dette i eit systematisk prosjekt. Regionen har derfor ein veldig god moglegheit til å gjera dette på ein god måte.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Regionrådet synest presentasjonen var spennande og viktig, og at dette er ein viktig dimensjon av folkehelsearbeidet. Regionrådet er positive til prosjektet. Regionrådet følte imidlertid at det fortsatt er eit noko uklart bilete om kva kommunane eventuelt skal gje støtte til, og at det må konkretiserast meir. Vidare at dette vert sett i samband med andre planar som folkehelsearbeid og Interkommunal plan for samarbeid innan helse- og omsorgstenesta.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Regionrådet ber om at prosessgruppa arbeidar vidare med konkretisering av prosjektet og at dei legg det fram for Rådmannsutvalet.</p>
<p><b>Sak 44/14</b></p>	<p><b>Orienteringssaker NUI</b></p> <p>Rune Heradstveit orienterte kort om ulike saker.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Skjønsmidlar.</b> Regionen har fått kr. 2 450 mill. i skjønsmidlar til ulike tiltak. Regionen hadde inne ni søknadar i prioritert rekkefylgje og fekk forholdsvis god utteljing på 7 av dei. At dei to siste ikkje nådde opp, var ikkje heilt uventa ut i frå kriterier.</li> <li>▪ <b>Nordhordland Biosfæreområde.</b> Ein har starta informasjonsrundane til kommunestyra, har vore i Gulen og Meland. Og fått positiv tilbakemelding. Etter runden til kommunestyra, vil det bli sendt ut felles saksframlegg til kommunestyra. Søknad til</li> </ul>

	<p>Unesco-kommisjonen / MAB-komitéen er planlagt sendt i desember d.å.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Workshop omdømme.</b> Det vart gjennomført workshop i omdømmeprojektet måndag 8. september på Westland hotel. 31 deltakar var med og det var eit godt arbeidsmøte og god dialog rundt borda. Arbeidsgruppa vil arbeida med innspela og diskutera vegen vidare. Ein minner om Reservebenken sitt omdømmeseminar på Lune huler 1. oktober.</li> <li>▪ <b>Interkommunal nærings- og samfunnsplan.</b> Arbeid pågår. NUI har engasjert Norconsult i prosjektet.</li> </ul>
<b>Sak 45/14</b>	<b>Status utval</b>
	<p><b>Nærings- og samferdsle</b> Nils Marton Aadland informerte kort om møte med Havsportslauget der ordførarane i Meland, Lindås, Radøy og Austrheim deltok. Regionen bør marknadsførast betre som havsportregion. Bl.a. bør det koma eit kart som viser tilgang til sjø m.v. Marknadsføring bør skje gjennom Nordhordland Næringshage. Aadland viste vidare til gjennomført møte i fondstyret – pr. e-post, og at det dessverre er lite pengar å dela ut.</p> <p><b>Helse</b> Astrid Aarhus Byrknes refererte frå møte i Helseutvalet tidlegare på dagen. Referat frå dette møtet vert sendt ut.</p> <p><b>Kultur</b> Ikkje noko nytt frå kultur.</p> <p><b>Rådmannsutvalet</b> Odd Ivar Øvregård orienterte kort frå Rådmannsutvalet. B</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Beredskapssjefen i Bergen kommune som inviterer til samarbeid om kompetanseheving. RU opplevde Bergen kommune på tilbodssida i dette, og vil sjå nærare på dette saman med beredskapssjefen i Bergen.</li> <li>▪ E-handelsprosjektet. Snart vil all bestilling frå kommunane skje elektronisk gjennom e-handel.</li> </ul>
<b>Sak 46/14</b>	<b>Meldingar og eventuelt</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Høyring Regionale senter.</b> Fleire kommunar har allereie sendt høyringsuttale. Regionrådet var enige om at den enkelte kommune sender høyringsuttale. Regionrådet sender ikkje felles uttale.</li> <li>▪ <b>Neste møte er planlagt til fredag 10. oktober kl. 09:00 – 15:00.</b> Då dette er i haustferien, er Regionrådet enige om å flytta møtet. NUI kjem tilbake med forslag til ny dato.</li> </ul>

Knarvik, 17. september 2014



Kari Aakre  
Fungerande leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 42/14: Presentasjon, framtidig organisering av reiselivet. Ole Warberg